



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Teknisk utval	12.06.2025	036/25

Oppstart detaljregulering Godøy småbåthamn

Innstilling:

Giske kommune vedtar oppstart av planarbeid for Godøy småbåthamn. Planen utarbeidast som detaljregulering jf. pbl §12-3. Grunngeving går fram av saksutgreiing.

Teknisk utval 12.06.2025

Geir Arne Dyb (FrP) ba om habilitetsvurdering og vart kjend ugild etter forvaltningslova § 6a.

Innstillinga vart samrøystes godkjend. 6 voterande.

Dyb tiltrådde møtet etter votering.

TU - 036/25 Vedtak:

Giske kommune vedtar oppstart av planarbeid for Godøy småbåthamn. Planen utarbeidast som detaljregulering jf. pbl §12-3. Grunngeving går fram av saksutgreiing.

Vedlegg

250057_r_plot_planavgrensing_25.05.25

Oppstartsmøtereferat

Planinitiativ - Godøy Småbåthamn - datert 14.02.25

Saksutgreiing:

Kommunen har den 22.04.2025 hatt oppstartsmøte med Nordplan (plankonsulent), Godøy småbåtforening (forslagstillar) og kommunen som grunneigar om detaljregulering for Godøy småbåthamn. Det er ønsket frå kommunen som grunneigar og frå forslagstillar om å utnytte

arealet til naust og småbåthamn. Idag er arealet regulert til næring og avsatt i kommuneplanen (2018) til hamn, næring og naust. Det meste av planområdet ligg på utfyllt areal.

I vedlagt planinitiativ er formålet med planen formulert på denne måten:

“Føremålet med planarbeidet er å gjennomføre ei detaljregulering som legg til rette for utbygging av naust samt servicefunksjonar knytt til nausta. Området ligg i tilknytning til Godøy Småbåthavn, og har i dag funksjonar knytt til småbåthamna.”

Heimelsgrunnlaget:

Plan- og bygningslova § 12-8

Vurdering:

Etter oppstartsmøtet er det blitt einigheit om å utvide planområdet i forhold til kva som var meldt inn i planinitiativet. Kommunen ser det som viktig å sjå på eit større området i samanheng, med tanke på til dømes vegløyising og parkeringsområde. Oppdatert planområde ligg vedlagt.

Når det gjeld høgde og størrelse på nausta, viser kommunen til krav i kommuneplanen (kap 3.1.10 ii).

Parkeringsbehov skal vurderast i reguleringsplanarbeidet. Ein må sjå på heile området i samanheng når ein gjer vurderingar av parkeringsbehov, både for eksisterande behov og det som kjem av det nye som regulerast inn. Ein må regulere slik at ein ikkje tek bort parkeringplassar som høyrer til eksisterande naust/båtplasser. Kommuneplanen har krav til parkering for naust (1 p-plass per naust) og for båthamn (1 p-plass per båtplass). Det vart i oppstartsmøtet diskutert om dette kravet (spesielt for båthamn) er for strengt. Innafor planområdet leggst det opp til naust, men det er også viktig å dekke opp også dei parkeringsplassane som er regulert innafor planområdet allereide. Dersom plankonsulent vurderar behovet for parkering til å vere annleis enn kva kommuneplanen legg opp til, er det viktig at fagleg grunngjeving og vurderinga kjem tydeleg fram av planen. Slike vurderingar kan i såfall vere nyttige å ha også i kommuneplanarbeidet.

Det skal i planarbeidet gjerast ROS-analyse og vurderingar om vatn og avløp, estetikk, folkehelse, naturmangfald og trafikk.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnaden med regulering er avtalt fordelt mellom partene (Giske kommune og Godøy småbåtforening).

Kommunen får nausttomter for salg. Klargjering og framlegg til naudsynte teknsike anlegg vil vere ein kostnad. Kostandsfordeling blir avklart seinare gjennom detaljprosjektering og event. utbyggingsavtale.

Saksbehandlinggebyr.

Tilknyting til kommuneplan:

I kommuneplanen sin arealdel (2018) er arealet avsatt til hamn, næring og naust.

Kommunedirektøren sin konklusjon:

Kommunedirektøren rår til oppstart av planarbeid.

Parter:

Godøy Småbåtforening
Nordplan As Avd Ålesund
Sigfred Lorents Vang